



Arkivnr: 2016/11221-32

Saksbehandlar: Roald Breistein

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Handlingsplan - Forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt

### Bakgrunn for saka:

#### **Fylkestinget gjorde slikt vedtak i sak PS 06/2018 i møte 06.03.2018:**

*På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for:*

- 1. Etablering av system og rutinar som sikrar at usikkerheit blir kostnadsberekna i samband med kostnads kalkylar for byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga, og fortløpande i prosjektgjennomføringa i samband med analyser av usikkerheit.*
- 2. At usikkerheit og risiko knytt til dei tidlege kostnadsestimata for både fylkesvegprosjekt og byggeprosjekt i regi av eigedomsavdelinga blir tydeleggjort, også ovanfor politisk nivå, for å sikre at det føreligg eit forsvarleg beslutningsgrunnlag ved avgjerd om prioritering av investeringsprosjekt.*
- 3. Å tydeleggjere behovet for gode totalprognosar ovanfor Statens vegvesen som Sams vegadministrasjon, og avklarar korleis slik rapportering best kan kome på plass*
- 4. At delegering av mynde når det gjeld investeringar på fylkesvegnettet, til fylkesrådmannen og vidare til regionvegsejfen, er så tydeleg at det i minst mogleg grad er rom for ulike fortolkingar.*
- 5. Å fastsette kriterium for kor stor grad av usikkerheit som er akseptabel i ulike fasar av eit investeringsprosjekt.*
- 6. Å vurderer om det kan vere føremålstenleg å etablere nokre overordna prinsipp som skal liggje til grunn for prosessane med prioritering av investeringsprosjekt på tvers av sektorane*
- 7. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 15.05.2018 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*

### Drøfting:

Handlingsplan dagsett 14.05.2018 i tråd med punkt 7 i vedtak over er motteke og ligg ved.

Sekretariatet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt. Det går fram av handlingsplanen at nokre av forbetringstiltaka skal vera ferdig før sumarferien 2018 og nokre forbetringstiltak vil truleg føregå eit stykke utover hausten 2018.

Konklusjon:

På bakgrunn av det som går fram over vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 29.10.2018. I tilbakemeldinga må det også leggest ved dokumentasjon på dei tiltaka som er ferdig gjennomført.

**Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ser positivt på det arbeidet som er starta opp i samband med forvaltningsrevisjon innan planlegging av investeringsprosjekt.
2. På bakgrunn av handlingsplanen ber kontrollutvalet om ny status på arbeidet i form av skriftleg tilbakemelding innan 29.10.2018. I tilbakemeldinga må det også leggest ved dokumentasjon på dei tiltaka som er ferdig gjennomført.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
Utvalgssekretær

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.*

Vedlegg

- 1 Handlingsplan for tiltak - forvaltningsrevisjon investeringsprosjekt

